



## Aktuell inneremballasje ved prøvetaking for histologi

*Magne Kaldhusdal og Ingunn Ruud*  
Seksjon for patologi, Veterinærinstituttet i Oslo

---

Fire faktorer er sentrale ved valg av formalinboks for histologi (sjå også baksida av skjemaet <http://www.vetinst.no/nor/Tjenester/Skjemaer/Generell-rekvisisjon>):

- 1) Boksen/røret bør vera så stor at det blir plass omlag 10 gonger så stort volum formalin som vev
- 2) Boksen/røret må ikkje vera så trong(t) at vevsprøvene blir pressa mot innsida. Prøvene skal flyte fritt i formalinen.
- 3) Boksen/røret må vera tett når lokket/korka er rett påskruvd
- 4) Boksen/røret bør tåle ein støyt, slik at risikoen for sprekk og lekkasje under transporten er minimal. For dette siste punktet vil valg av ytter-emballasje også vera sentralt.

Ved Seksjon for patologi ved Veterinærinstituttet i Oslo har vi erfaring med følgjande boksar/rør:

### *Plastrør ('container') med formalin og skrukork*

Denne blir levert av firma Norsk Medisinal Depot, tlf. 22 16 96 00. Minste bestilling er 50 stk. Volumet er 20 ml formalin. Kan bestillast med transporthylse, og kan i så fall leggest direkte i ein solid konvolutt. Brukt ved innsending av biopsiar til Pat Lab. Praktisk med tanke på at røret blir levert med formalin.

### *Plastrør med blå skrukork*

Denne blir levert av firma VWR International, tlf. 02290. Sentrifugerør med blå kork, varenr. 525-0156. Volum ca. 50 ml. Minste bestilling er oppgitt å vera 500 stk. Er både støyt sikre og tette med rett påskrudd kork.

### *Behov for større volum enn 50 ml*

Slike boksar har vi ikkje erfaring med. Det viktige er å sikre at boksane er tette og støyt sikre, eventuelt at ytteremballasje hindrar brekkasje av formalinboksen. Syltetøyglas blir av og til senda inn ved behov for større volum, da med isopor-eske utpå og papirinnlegg mellom syltetøyglas og isopor. Dette går som regel bra fordi isopor-eska hindrar skade på glaset.

---